



**STORTINGET**

# **Stortingstidende**

## **Referat fra møter i Stortinget**

**Nr. 2 · 2. oktober**  
**Sesjonen 2018–2019**



## Åpning av det 163. storting

President: Tone Wilhelmsen Trøen

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg *tirsdag den 2. oktober kl. 13* i stortingssalen, ledsaget av regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Forsamlingen sang første vers av «Kongesangen».

*Hans Majestet Kongens tale til det 163. storting ved dets åpning:*

Ærede President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfullt arbeid og ønsker at det må bli til gagn for fedrelandet.

Den 17. januar ble regjeringen utvidet med partiet Venstre.

Til grunn for utvidelsen ligger den politiske plattformen partiene ble enige om på Jeløya.

Plattformen beskriver regjeringens mål om å skape et bærekraftig velferdssamfunn.

Den beskriver også seks utfordringer for Norge som regjeringen vil arbeide med for å nå dette målet.

Den første utfordringen er å omstille norsk økonomi for å skape nye arbeidsplasser og flere ben å stå på.

Regjeringen vil bygge ut veier og jernbane for å fremme omstilling og vekst.

Ny kunnskap styrker evnen til vekst. Regjeringen vil legge frem en revidert langtidsplan for forskning og høyere utdanning.

For at ingen skal gå ut på dato, må vi gjøre mer for å oppdatere vår kompetanse. Regjeringen vil fremme tiltak for å la flere få mer opplæring mens de er i jobb.

Den andre utfordringen er å oppfylle Norges klimapliktelser, slik at vi tar vår del av ansvaret.

Sommeren 2018 kom med varmere korder og tørke. Et mer ekstremt vær har blitt mer vanlig. Det er avgjørende at verden når sine klimamål. Norge skal oppfylle våre utslippsmål i samarbeid med EU.

Parisavtalen er vårt viktigste internasjonale rammeverk. I desember vedtas kjøreregler for hvordan landene skal følge opp avtalen. Norge skal være pådriver.

Bevaring av verdens regnskoger er avgjørende for å håndtere klimautfordringen. Regjeringen vil styrke dette viktige arbeidet.

Regjeringen vil føre en politikk som skaper grønn vekst og nye grønne jobber.

Regjeringen vil legge til rette for fortsatt fornyelse av bilparken.

Den tredje utfordringen er å skape et inkluderende arbeidsliv.

Regjeringens mål er et samfunn med små forskjeller, der alle kan delta, og der alle gis muligheten til å bidra. Det største skillet i Norge går mellom de som er i jobb, og de som står utenfor arbeidslivet.

Flere må gis muligheten til å forsørge seg selv og sin familie gjennom lønnet arbeid.

Den gode utviklingen i arbeidsmarkedet gir en god anledning til ekstra innsats. Regjeringen inviterer arbeidsgivere med på dugnad for å ansette flere som i dag står utenfor på grunn av nedsatt funksjonsevne eller hull i cv-en.

Den fjerde utfordringen er å sikre gode velferdsordninger i en tid da andelen eldre øker.

Regjeringen vil gjennomføre reformen Leve hele livet. Reformen skal gi eldre og deres pårørende økt valgfrihet, livskvalitet og trygghet.

Regjeringen vil videreføre prøveordningen med statlig finansiert eldreomsorg.

Tilbudet til utsatte mennesker i vårt samfunn, som rusavhengige og mennesker med psykiske lidelser, skal styrkes. Et offentlig utvalg skal utrede en rusreform. Målet er at brukerne får riktig og rask hjelp uten å risikere straffeforfølgning.

Regjeringen tar sikte på å legge frem en opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse i løpet av høsten 2018 og en ny nasjonal helse- og sykehusplan i 2019.

Regjeringen vil legge frem en folkehelsemelding hvor ensomhet blir et viktig tema.

Den femte utfordringen er å redusere fattigdom.

Arbeid er den beste måten den enkelte kan øke sin inntekt og velferd på.

Regjeringen vil derfor forsterke arbeidslinjen.

Økt satsing på kompetanse, inkludering og integrering skal støtte opp om den enkeltes innsats for å komme i jobb.

Regjeringen vil gi barn som vokser opp i familier med lav inntekt, bedre muligheter for utvikling og deltakelse i fritidsaktiviteter, barnehage og SFO, slik at de lettere kan stå på egne ben når de blir voksne.

Regjeringen arbeider med en stortingsmelding om sosial bærekraft og hvordan vi reduserer forskjeller.

Den sjette utfordringen er å gjennomføre et integringsløft.

Regjeringens mål er at innvandrere skal være en del av store og små fellesskap i det norske samfunnet.

Regjeringen vil forbedre norskopplæringen og introduksjonsprogrammet for flyktninger for at flere raske kan gå over til ordinært arbeid og utdanning.

Deltakelse i idrett, kultur og frivillighet gir kompetanse og erfaring som kan tas med inn i arbeidslivet.

For bærekraften i våre velferdsordninger er det sentralt at flere kan forsørge seg selv og delta i samfunnet.

Derfor er det også nødvendig å regulere innvandringen. Den internasjonale migrasjonen er uforutsigbar. Vi må ha høy beredskap for raske skifter.

Regjeringen vil føre en restriktiv, rettssikker og ansvarlig innvandringspolitikk.

En viktig prioritet for regjeringen er å skape et tryggede samfunn.

Vi må hindre at barn utsettes for vold og overgrep. Regjeringen vil styrke kompetansen i tjenestene, slik at vold og overgrep blir avdekket tidligere.

Regjeringens arbeid med nærpolitireformen fortsetter. Reformen bedrer evnen til å hindre kriminalitet og verne om ofrene.

For å kunne beskytte innbyggerne i krisesituasjoner trengs det flere politifolk med god trening og rask tilgang på riktig og godt utstyr, biler og helikoptre. Regjeringen vil derfor styrke beredskapen og forebygge bedre.

Kriminalitet knyttet til IKT krever ny kompetanse i politiet og samordnet innsats.

Ny sikkerhetslov vil i større grad stille krav som verner om samfunnets grunnleggende funksjoner og befolkningens grunnleggende sikkerhet.

Det nye sikkerhetspolitiske landskapet krever et troverdig forsvar.

Regjeringen vil styrke Norges forsvarsevne gjennom oppfølging av langtidsplanen for forsvarssektoren og starte arbeidet med neste langtidsplan.

NATOs kollektive garanti forblir bærebjelken i sikkerhetspolitikken.

Samtidig styrkes samarbeidet med USA, Storbritannia, Tyskland og i Norden.

Verden rundt oss preges av økende usikkerhet. Den liberale verdensorden, demokratiske institusjoner og troen på fri handel er under press.

Vi må hegne om de verdiene vi står for.

Brexit vil påvirke også Norge. Regjeringen vil arbeide for et fortsatt velfungerende EØS-samarbeid og videreføre vårt nære samarbeid med Storbritannia.

Regjeringen vil øke forståelsen for at bærekraftig bruk av havet gir både bedre miljø og høyere verdiskaping. Det internasjonale havpanelet er et viktig initiativ.

Regjeringen vil ta nye initiativ på en rekke områder. Sammen støtter initiativene opp om målet om et bærekraftig velferdssamfunn og arbeidet for å nå FN's bærekraftsmål.

Jeg ber Gud velsigne Stortingets arbeid og erklærer Norges 163. storting for åpnet.

*Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Bård Hoksrud.*

I samsvar med Grunnlova gir Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg er inne i ein oppgangskonjunktur. Sysselsetjinga stig, og arbeidsløysa har gått ned i nesten to år. I august var den registrerte arbeidsløysa 2,4 pst. BNP for Fastlands-Noreg auka med 1,9 pst. i 2017 og blir anslått å auke meir i år. Statens pensjonsfond hadde ein samla marknadsværdi ved utgangen av første halvår 2018 på 8 585 mrd. kr.

Den økonomiske politikken har gitt eit betydeleg bidrag til den økonomiske utviklinga dei siste åra. Ekspansive budsjett bidrog til å halde aktiviteten oppe i tida etter oljeprisfallet. Samtidig har ei låg styringsrente støtta opp under ei svakare krone. Saman med moderate lønnsoppgjer har ei svakare krone betra konkurranseevna.

Bruken av oljeinntekter i 2018 vart i revidert nasjonalbudsjett anslått til 225,5 mrd. kr. Det svarar til 2,7 pst. av Statens pensjonsfond utland ved inngangen til 2018.

Regjeringa har i år sett i gang ein brei innsats for å få fleire inn i arbeidslivet. I inkluderingsdugnaden skal offentlege og private aktørar jobbe saman for å få fleire inn i ordinært arbeid.

Det er inngått ein ny avtale med partane i arbeidslivet om tenestepensjon for tilsette i offentleg sektor. Den nye pensjonsordninga er betre tilpassa prinsippa i pensjonsreforma.

Lønnsoppgjeret i 2018 var eit hovudoppgjer. Avtale-revisjonane har i all hovudsak vore løyste gjennom forhandlingar og mekling. Det har vore få konflikhtar.

Dei fleste i Noreg har forsvarlege arbeidsforhold. Det er likevel utfordringar i enkelte næringar og yrke. Regjeringa sin strategi mot arbeidslivskriminalitet er derfor vidareført og utvida.

Måla i skattereforma om breie skattegrunnlag og lågare skattesatsar har vorte følgde opp. Skattesatsen på allmenn inntekt er i 2018 redusert med ytterlegare eitt prosentpoeng, til 23 pst.

Dei årlege innsparingane for næringslivet av forenklingstiltak som er gjennomførte i perioden frå 2011 til 2017, utgjer over 15 mrd. kr. Regjeringa er godt i gang med arbeidet for å nå det nye målet, som er ei årleg innsparing på 10 mrd. kr i perioden frå 2017 til 2021.

Regjeringa har ein aktiv næringspolitikk med strategiar og tiltak for havnæringane, industrien og reiselivet og gjennom dei breie ordningane i verkemiddelapparatet.

Noreg er den nest største eksportøren av sjømat i verda. I 2017 vart det eksportert sjømat frå Noreg for 94,5 mrd. kr.

Regjeringa har som mål at Noreg framleis skal vere ein leiande havnasjon, og har lansert fleire viktige initiativ for havet og havnæringane.

Noreg har etablert eit internasjonalt høgnivåpanel for berekraftig havøkonomi, som statsministeren leiar. Regjeringa har også etablert eit bistandsprogram mot marin forsøpling.

Etter ein nødvendig omstillingsprosess i petroleumsindustrien har aktiviteten på norsk sokkel teke seg opp, og framtidsutsiktene er positive.

I 2017 tok Olje- og energidepartementet imot utbyggingsplanar for ti nye olje- og gassprosjekt. Det er dobbelt så mange som i 2016. Så langt i år har departementet teke imot tre utbyggingsplanar.

Regjeringa har arbeidd for at norske bedrifter skal ha gode og føreseielege handelspolitiske rammevilkår i WTO. Det er gjort framsteg i frihandelsforhandlingane med Kina.

Noreg har mobilisert for å forsvare dei verdiane og institusjonane som vi byggjer utanrikspolitikken vår på. Vi har fremja multilateralt samarbeid og den internasjonale rettsordenen.

Å bidra til internasjonal tryggleik er ei kjerneoppgåve for utanrikspolitikken.

Noreg har arbeidd for framleis sterkt transatlantisk og europeisk samhald og har vore ein pådrivar for å styrkje forsvarsevna til NATO. Vi har også vidareført eit pragmatisk samarbeid med Russland.

Sidan 2014 har regjeringa styrkt satsinga på eit tettare tryggingpolitisk samarbeid i Europa.

Regjeringa har også vidareført bidrag til NATO og alliansen sin operasjon i Afghanistan og vår støtte til FN's fredsoperasjonar i Midtausten, Sør-Sudan og Mali.

Noreg har offisielt lansert sitt kandidatur for ein plass i FN's tryggingråd for perioden 2021–2022.

Regjeringa har lagt fram ein ny strategi for samarbeidet med EU for perioden frå 2018 til 2021.

Dialogen med EU og Storbritannia er intensivert for å få best moglege rammer for samarbeidet når Storbritannia forlèt unionen.

Statsministeren har leidd FN's pådrivargruppe for berekraftsmåla. Ho har fremja helse, utdanning og hav som dei norske prioriteringane.

Våren 2018 vart klimastrategien for 2030 vedteken i Stortinget. Måla skal oppfyllest med hovudvekt på innanlandske reduksjonar i utsleppa og med nødvendig bruk av fleksibilitetsmekanismane i EU-regelverket. Regjeringa forhandlar med EU om felles oppfyljing av utsleppsmåla.

Regjeringa har følgd opp ambisjonane i langtidsplanen for Forsvaret. Forsvaret rapporterte i 2017 om at alle forsvarsgreinene hadde fleire styrkar tilgjengeleg for operative oppdrag enn i 2016.

Forsvaret har starta investeringane i nytt utstyr og moderne våpen. Vi har vorte einige om endringar i verneplikta og etableringa av Finnmark landforsvar. Forsvaret har styrkt mannskapet sitt i nord.

Regjeringa har ført vidare arbeidet med å styrkje det nasjonale tryggingarbeidet. Forslag til forskrifter til lov om nasjonal tryggleik har vore på høyring.

Også i 2017 var driftsresultata i kommunesektoren gode. Talet på ROBEK-kommunar er no det lågaste nokon gong.

Regjeringa sitt forslag til ny kommunelov, som skal styrkje det kommunale sjølvstyret, er vedteke av Stortinget.

Stortinget har slutta seg til regjeringa sitt opplegg for vidare arbeid med endringar i kommunestrukturen. Det er framleis nødvendig å jobbe for større og sterkare kommunar.

For å hindre utanforskap og for å sikre at flest mogleg blir økonomisk sjølvstendige, har regjeringa forsterka innsatsen og samarbeidet med kommunane om å løfte bydelar med sosiale utfordringar.

Samferdsel er framleis eit av satsingsområda for regjeringa. Aktiviteten er høg for både utbygging og vedlikehald. Vedlikehaldsetterslepet på veg blir redusert for fjerde år på rad. Talet på trafikkdrepne i 2017 var det lågaste sidan 1947.

Strukturendringane i nærpolitireforma er ferdigstilte. Endringane har vore nødvendige for å leggje grunnlaget for betre polititjenester og eit politi som er rusta til å møte dagens og morgondagens kriminalitetsutfordringar, m.a. i det digitale rommet.

Stortinget har slutta seg til regjeringa sitt forslag om å innføre ei plikt for skulen til å tilby intensiv opplæring til elevar på 1.–4. trinn som strevar med lesing, skrivning eller rekning.

Regjeringa har vedteke ny tilbudsstruktur for yrkesfaga og at alle faga i grunnskulen og fellesfaga i vidaregåande skule skal fornyast.

Regjeringa har innført ei nasjonal bemaningsnorm og skjerpa pedagognorma i barnehagen. Regjeringa har også innført ei norm for lærartettleik i grunnskulen, i tråd med Stortinget sitt vedtak.

Regjeringa følgjer opp langtidsplanen for forskning og høgare utdanning. Totalt svarar løyvingane til FoU i år til over 1 pst. av forventta BNP.

Det er innført obligatorisk norskopplæring i asylmottak. Innsatsen mot negativ sosial kontroll og tvangsekteskap er forsterka. Mellom anna er ordninga med minoritetsrådgivarar styrkt.

Ny åndsverklov tok til å gjelde 1. juli, og regjeringa har sendt eit forslag til ny medieansvarslov på høyring.

Regjeringa har starta arbeidet med reforma Leve hele livet. Reforma skal skape eit meir aldersvenleg samfunn.

Om lag to millionar pasientar fekk helsehjelp ved somatiske sjukehus i 2017. Det er 1,2 pst. fleire enn året før.

Gjennomsnittleg ventetid i spesialisthelsetenesta var 57 dagar i 2017 – ein nedgang på tre dagar frå året før.

Regjeringa har auka tilskotsramma for heildøgns omsorgsplassar, slik at det i 2018 er mogleg for kommunane å søkje om tilskot til 2 500 plassar.

Regjeringa styrkjer innsatsen mot vald og overgrep mot barn. Ein nasjonal strategi for foreldrestøtte vart lagd fram i juni 2018. Innsatsen mot barnefattigdom har òg høg prioritet.

Frå 1. juli i år vart mødre- og fedrekvoten i foreldrepengeordninga utvida til 15 veker.

Regjeringa har fremja og Stortinget vedteke endringar i barnevernslova for å styrkje rettstryggleiken til barn og foreldre i barnevernssaker.

I oktober 2017 la regjeringa fram ein kompetansestrategi for det kommunale barnevernet.

Regjeringa inngjekk i mai ein jordbruksavtale med begge organisasjonane. Etter tørken i sommar vart det i august semje om ein tilleggsavtale på 525 mill. kr til erstatningar for avlingsskade for dei bøndene som er råka.

Regjeringa har styrkt konkurransevna for skog- og trenæringa. Avverkingstala i 2017 var blant dei høgaste sidan registreringane starta på 1920-talet.

Overskotet på driftsbalansen overfor utlandet var på 182 mrd. kr i 2017, opp 64 mrd. kr frå 2016.

I 2017 utgjorde verdiskapinga i petroleumssektoren 16 pst. av Noregs BNP, og statens netto kontantstraum frå oljeverksemda var 168 mrd. kr.

Ei langsiktig og god forvaltning av Statens pensjonsfond legg til rette for at inntektene frå petroleumssressursane kan kome både dagens og framtidige generasjonar til gode. I april la regjeringa fram den årlege meldinga om Statens pensjonsfond. Behandlinga av meldinga viser at det er brei politisk semje om forvaltninga av dei felles sparemidlane våre. Det legg til rette for å halde fast ved den valde strategien, også i periodar med uro i marknadene.

Gjennomsnittleg lønnsvekst frå 2016 til 2017 var på 2,3 pst. Lønningane auka meir enn konsumprisane, og reallønnsveksten etter skatt var 0,9 pst. Konsumprisane var 2,2 pst. høgare i perioden januar–juni i år enn på same tid i fjor.

Måla i skattereforma om breie skattegrunnlag og lågare skattesatsar har vorte følgde opp. Det er lagt ned eit stort arbeid i å følgje opp arbeidet i OECD og G20 for å hindre undergraving av skattegrunnlag og flytting av overskot.

Sjukefråværet har vore relativt stabilt sidan 2012. Eit av måla i IA-avtalen er å redusere sjukefråværet med 20 pst. frå 2001. Fråværet er no om lag 12 pst. lågare enn i 2. kvartal 2001. Det er store skilnader i utviklinga og nivået på sjukefråværet mellom kjønn, aldersgrupper, fylke og sektorar. Siste år i gjeldande IA-avtale er 2018. Regjeringa har saman med partane i arbeidslivet starta arbeidet med å vurdere innhald i og innretning av ein eventuell ny IA-avtale.

Befolkninga i Noreg heldt fram med å vekse i 2017, men i eit lågare tempo enn åra før. Nettoinnvandringa gjekk klart ned i fjor, men er framleis på eit høgt nivå. I 2017 auka befolkninga med om lag 37 000 personar.

Etter fleire år med høg vekst gjekk bustadprisane ned gjennom fjoråret. Sidan årsskiftet har prisane igjen auka, og no er dei omtrent tilbake på toppnivået frå tidleg i 2017. Oppgangen har vore sterkast i Oslo, mens utviklinga har vore meir moderat i andre byar.

Gjelda i hushalda har lenge auka raskare enn inntektene. Norske hushald har i gjennomsnitt ei gjeld som er meir enn to gonger den disponible inntekta deira. Vedvarande gjeldsvekst er eit teikn på at finansielle ubalansar har bygd seg opp. Regjeringa vedtok i juni å vidareføre bustadlånforskrifta. Den skal gjelde fram til desember 2019. Hovudmålet med forskrifta er å bidra til ei meir berekraftig utvikling i marknaden for bustadlån.

Internasjonal orden, slik han har vorte utvikla sidan 1945, har tent Noreg godt, men er under press. Samtidig er internasjonalt samarbeid viktigare enn nokon gong. Stadig fleire utfordringar er for komplekse til å bli løyste av eitt land åleine.

Eit godt forhold til USA er av langsiktig nasjonal interesse, og regjeringa har arbeidd for å styrkje det nære bilaterale samarbeidet. USA held fram med å vere vår viktigaste allierte. I dialogen med USA har regjeringa gitt tydeleg uttrykk for norske posisjonar.

Regjeringa ønskjer eit godt naboforhold til Russland og har vidareført eit breitt bilateralt samarbeid innanfor fiskeri, miljø og atomtryggleik. Dette samarbeidet fungerer godt, trass i det krevjande internasjonale samarbeidsklimaet mellom Russland og vestlege land.

Regjeringa har arbeidd for at Arktis framleis skal vere ein region prega av stabilitet og samarbeid der internasjonalt rett blir etterlevd.

Regjeringa har arbeidd for å fremje internasjonalt samarbeid på globale arenaer som FN og i kontaktane vi har hatt med land og organisasjonar i Afrika, Latin-Amerika og Asia.

Regjeringa har arbeidd for å halde i gang det regelbaserte multilaterale handelspolitiske samarbeidet i WTO.

EØS-avtalen er fundamentet i Noregs samarbeid med EU. Avtalen sikrar fri rørsle for personar, varer,

tenester og kapital og gir norske bedrifter tilgang til ein marknad på over 500 millionar menneske.

EØS-midlane er eit viktig europapolitisk verktøy, og gjennom desse bidreg Noreg til sosial og økonomisk utjamning i EU. Midlane er også viktige for rettsstatsprinsipp og sivilt samfunn i fleire europeiske land.

FN-forhandlingane om ei global plattform for migrasjon er slutførte. Noreg deltok aktivt for å sikre betre handtering av dei globale migrasjonsutfordringane.

Noregs humanitære budsjett er auka med over 50 pst. sidan starten av førre stortingsperiode. Regjeringa har nyleg lansert ein ny strategi for Noregs humanitære politikk og innsats. Regjeringa har vore ein pådriver for etterleving av humanitærretten.

Regjeringa har bidrege til å løyse internasjonale konflikter gjennom aktivt fredsdiplomati. Vi har arbeiddd for at kvinner deltek på lik linje med menn i all innsats for fred og tryggleik. Minoritetar, ikkje minst dei religiøse, er blant dei mest sårbare gruppene i krig og konflikt. Regjeringa har det siste året auka støtta til arbeidet med trus- og livssynsfridom og religiøse minoritetar.

I år fyller Verdserklæringa for menneskerettane 70 år. Noreg har arbeiddd aktivt for menneskerettane, særleg på områda kvinners rettar, ytringsfridom, trus- og livssynsfridom og vern av sivilt samfunn. Under norsk leiding vedtok FNs generalforsamling i desember 2017 samrøystes ein resolusjon for vern av menneskerettsforsvararar.

Regjeringa har arbeiddd vidare med å gjennomføre strategien for ytringsfridom og uavhengige medium i utanriks- og utviklingspolitikken.

Noreg er stadig aktivt engasjert i den globale kampen mot dødsstraff.

Regjeringa har auka støtta til seksuell og reprodutiv helse internasjonalt og til arbeidet mot seksualisert vald i konflikt. Noreg har teke ei aktiv rolle i arbeidet med å hindre seksuell trakassering i bistands- og utviklingsorganisasjonane i lys av metoo-kampanjen.

Regjeringa vidarefører Noregs leiarrolle internasjonalt for global helse og for utdanning i utviklingsland.

Noreg har støtta FNs generalsekretærs initiativ til reformer for å gjere organisasjonen meir effektiv og betre til å levere resultat på landnivå. Noreg jobbar også for å styrkje FNs rolle og organisasjonens evne til å førebyggje konflikter.

Regjeringa har arbeiddd vidare, nasjonalt og internasjonalt, med å betre evna til å handtere kriser.

Noreg har i stor grad fått gjennomslag for sine interesser i arbeidet med NATOs tilpassa kommandostruktur, med ei sterkare vektlegging av den maritime innretninga til alliansen.

Regjeringa har vidareført aktive militære bidrag internasjonalt. Bidraget til NATO sin operasjon i Afghanistan er styrkt, den norske innsatsen i koalisjonen mot ISIL er vidareført og dessutan støtta til FNs fredsoperasjonar, NATOs forsterka nærvær i Aust-Europa og NATOs beredskapsstyrkar.

Regjeringa har vidareutvikla samarbeidet med nære allierte, m.a. det bilaterale samarbeidet med USA om felles øvingar og trening i Noreg. Regjeringa har også bidrege til å vidareutvikle samarbeidet i Norden, m.a. gjennom det norske formannskapet for NORDEFCO i 2018.

Regjeringa har inngått ein avtale om deltaking i den britiskeidde hurtigreaksjonsstyrken Joint Expeditionary Force, JEF, som ved behov kan bidra raskt til fleirnasjonal krisehandtering. Dette vil bidra til auka tryggleik i nær-områda våre.

Regjeringa vedtok i april 2018 å overføre operativ utføring av nasjonal slepeberedskap til Kystvakta. Beredskapen blir halden ved like, samtidig som evna til å utøve myndigheit og ressurskontroll til havs blir styrkt.

I november 2017 landa dei tre første norske F-35-kampflya på norsk jord. Noreg har no teke imot til saman 16 av dei nye kampflya.

Det er vedteke at Noreg skal skaffe tre helikopterberande og isforsterka havgåande kystvaktfartøy. Fartøya skal byggjast ved eit norsk verft for å sikre nasjonal beredskap og sikker forsyning.

Det strategiske forsvarsmaterielsamarbeidet med Tyskland er ytterlegare styrkt gjennom ein samarbeidsavtale om vidareutvikling av det norske sjømålsmisilet NSM. Norsk forsvarsindustri har spela ei viktig rolle i dette samarbeidet, i tråd med regjeringa sin forsvarsindustristrategi.

Utdanningsreforma i Forsvaret blir gjennomført no. Reforma skal leggje grunnlaget for eit tidsriktig, kvalitativt godt og kostnadseffektivt utdanningssystem.

Regjeringa har sett ned eit utval som skal greie ut tiltak for å auke sysselsetjinga i norsk økonomi. Utvalet skal m.a. vurdere moglege tiltak for å auke yrkesdeltakinga i utsette grupper.

Regjeringa arbeider for ein heiltidskultur i arbeidslivet og eit fleksibelt arbeidsliv med trygge rammer. Stortinget vedtok 4. juni endringar i arbeidsmiljølova om fast og mellombels tilsetjing og innleige frå bemanningsføretak og dessutan om deltidstilsette sin fortrinnsrett til ein del av ei stilling. Det regjeringsoppnemnde varslingsutvalet har avlevert rapporten sin.

Etter forslag frå regjeringa har Stortinget også vedteke nødvendige tilpassingar av dagens offentlege tenestepensjonsordningar til ny alderspensjon frå folketrygda. I tråd med avtalen den 3. mars har det vorte betre uttelling for å stå i jobb etter 67 år, og ein har sikra

at alle med opptening får utbetaling av offentlig tenestepensjon.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om helse, miljø og tryggleik i petroleumsnæringa. Meldinga viser at HMS-regimet i all hovudsak fungerer godt, samtidig som eit framleis godt partssamarbeid, kunnskapsutvikling og eit sterkt og tydeleg tilsyn er ein føresetnad for ei god utvikling framover. Ambisjonen til regjeringa om at norsk petroleumsverksemd skal vere verdslende på helse, miljø og tryggleik, ligg fast.

EUs årlege indeks over digitalisering, DESI-indeksen, viser at Noreg er nummer fem i Europa på digitalisering, etter Danmark, Sverige, Finland og Nederland. Bruk av offentlege digitale tenester aukar kraftig.

Regjeringa har sett i gang arbeidet med ein digitaliseringsstrategi for offentlig sektor for å forsterke innsats, samarbeid og samordning. Arbeidet med å få tenestene i offentlig sektor til å henge betre saman er ei prioritert oppgåve for regjeringa. Regjeringa har saman med kommunesektoren gått i gang med eit lågterskeltilbod til innbyggjarar utan grunnleggjande digital kompetanse.

Statens innkjøpscenter har gjennomført dei første felles innkjøpsavtalane for staten. Dei fire fellesavtalane er berekna å gi staten ei årleg innsparing på om lag 200 mill. kr.

I 2018 har Direktoratet for byggkvalitet, DiBK, etablert Fellestenester BYGG, ei tenesteplattform som legg grunnlaget for ein fulldigital byggesaksprosess. Gode digitale løysingar for kommunane og byggenæringa bidreg til at søknadsprosessen blir enklare, raskare og meir føreseieleg for dei som skal byggje.

Husbanken held fram med å digitalisere systema for dei økonomiske ordningane sine. Dei som søker om bustøtte, tilskot og lån, får betre tenester. Samtidig brukar kommunane og Husbanken mindre tid på saksbehandling, og systema blir sikrere.

For å gjere samfunnet førebudd på komande klimændringar har regjeringa vedteke statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.

Det nye jordobservatoriet i Ny-Ålesund opna 6. juni i år. Det skal gi avgjerande kunnskap om miljøutfordringane i verda og bidra til ny navigasjonsteknologi. Observatoriet inngår i eit verdsospennande nettverk og er med på å stadfeste Noregs posisjon og nærvær i nordområda.

I regional- og distriktpolitikken legg regjeringa vekt på eit næringsliv som er i stand til å ta vare på og skape nye lønsame arbeidsplassar. Dette vil bidra til vekstkraftige regionar i heile landet. Ein god distriktpolitikk handlar òg om å desentralisere makt og myndig-

heit og styrkje koplingane mellom bedrifter og offentlege institusjonar i byar og distrikt.

Verdien av statens direkte eigarskap på Oslo Børs var 716 mrd. kr ved utgangen av 2017. Statens del av bokført verdi av noterte selskap der staten har forretningsmessige mål med eigarskapet, var 128 mrd. kr. For rekneskapsåret 2017 tek staten imot om lag 38 mrd. kr i utbytte frå selskapa med direkte statleg eigardel.

Torskebestanden i Barentshavet er framleis på eit høgt nivå. Eit langvarig samarbeid mellom kyststatane Noreg og Russland og gode klimatiske forhold er bakgrunnen for at dette er den største torskebestanden i verda. Andre bestandar er òg godt forvalta, og fiskekvotane er stort sett høge. Kampen mot fiskerikriminalitet og ulovleg, urapportert og uregulert fiske er høgt prioritert av regjeringa, også i internasjonal samanheng.

Storbritannia er ein betydeleg fiskerinasjon i Nordaust-Atlanteren, og eit nytt samarbeid om fiskeriforvaltning blir heilt sentralt i vårt arbeid med brexit. Noreg har etablert ein god dialog med både EU og Storbritannia om saka.

Regjeringa innførte i fjor haust eit nytt system for kapasitetsjustering i norsk lakse- og aureoppdrett. Systemet legg til rette for at oppdrettarane kan få tilbod om føreseieleg vekst som sikrar omsynet til miljøet. I løpet av 2018 har regjeringa tildelt vekst der det er miljømessig forsvarleg. Det er tildelt om lag 3 pst. vekst i næringa, mot eit samla vederlag på 3 900 mill. kr.

For å bidra til å løyse kommunikasjonsutfordringane i nordområda har regjeringa føreslått å gi ei tilsegn om eigenkapital til Space Norway AS på visse vilkår. Formålet er å realisere eit prosjekt med to satellittar som skal gi breibandskommunikasjon i heile Arktis, dersom det er forretningsmessig lønsamt. Forslaget vart vedteke av Stortinget 4. juni 2018.

Regjeringa har oppretta Norsk nukleær dekommissionering, NND. NND skal vere eit nasjonalt organ for opprydding etter Noregs nukleære verksemd og sikker handtering av nukleært avfall.

Regjeringa har etablert eit nytt investeringselskap som skal utløyse lønsame investeringar som bidreg til reduserte klimagassutslepp. Investeringane skal i hovudsak rettast mot bedrifter med ny teknologi i overgangen frå teknologiutvikling til kommersialisering. Det er varsla at selskapet vil endre namn frå Fornyrbar AS til Nysnø Klimainvesteringer AS.

I 2018 vart det oppretta ei ny mellombels skipsfinansieringsordning som blir forvalta av Eksportkreditt Norge og Garantiinstituttet for eksportkreditt, GI-EK. Målet med ordninga er å bidra til auka aktivitet for skipsverft i Noreg, ved at reiarar lettare oppnår finansiering på marknadsvilkår.



Bilaterale handelsavtalar gir norske varer og tenester tilgang til viktige marknader i resten av verda og bidreg dermed til verdiskapinga i Noreg. Regjeringa forhandlar no om nye avtalar med m.a. Indonesia, Kina og land i Sør-Amerika, Mercosur.

Eit ekspertutval skal gjennomgå korleis det offentlege brukar marknaden for velferdstenester og m.a. kartleggje om enkelte private leverandørar av velferdstenester har forteneeste som kan karakteriserast som urimeleg høg.

Noreg har takka ja til å delta som hovudsponsor for eit initiativ frå FNs næringslivssamanslutning, UN Global Compact, om berekraftig næringsutvikling i havet, Business Action Platform for the Oceans.

I februar 2018 la regjeringa fram ein ny datasenterstrategi. Strategien presenterer regjeringa sin politikk og tiltak på sentrale område som skal bidra til å gjere Noreg til ein meir attraktiv datasenternasjon.

Våren 2017 sette regjeringa ned eit offentleg utval som skulle vurdere kva tilgang til kapital næringslivet hadde. Kapitaltilgangsutvalet leverte si utgreiing i mars i år.

Regjeringa har etablert Prosess21, eit strategiforum for prosessindustrien som skal gi råd og anbefalingar om reduserte utslepp og berekraftig vekst i norsk prosessindustri. Regjeringa har også etablert Digital21 for å sjå på korleis ein kan styrkje næringslivet si evne og moglegheit til både å utvikle og ta i bruk ny teknologi og kunnskap, i takt med den aukande digitaliseringa.

Samla produksjon frå norsk sokkel i 2017 var om lag 4 millionar fat oljeekvivalentar per dag. For fjerde året på rad auka totalproduksjonen. Produksjonen kjem truleg til å auke vidare fram mot 2023. Noreg dekkjer om lag 25 pst. av EUs gassforbruk og bidreg i overgangen til eit fornybart lågutsleppssamfunn i Europa. Per 1. september er det 83 felt i produksjon, og ytterlegare 18 felt er under utbygging.

Omstillingsevna i næringa har sikra lønnsmda og bidreg til at aktiviteten på norsk sokkel no tek seg opp. Investeringane ser ut til å ha nådd ein botn i 2017 med eit nivå på 151 mrd. kr og er venta å auke i 2018. For å halde investeringsnivået oppe etter 2020 er det nødvendig å gjere nye funn.

Olje- og gassnæringa har vore ein berebjelke i norsk økonomi i mange tiår. Ho kjem framleis til å spele ei viktig rolle i norsk økonomi i mange år framover og gi eit betydeleg bidrag til den framtidige finansieringa av det norske velferdssamfunnet. Statens samla petroleumsinntekter var 168 mrd. kr i 2017 og vart i revidert nasjonalbudsjett anslått til 224 mrd. kr i år, tilsvarande om lag 17 pst. av statens samla inntekter.

Målt etter omsetning er leverandørindustrien Noregs største næring etter produksjon av olje og gass.

Næringa skaper arbeidsplassar og lokal næringsutvikling i alle fylke i landet. Med basis i ein solid heimemarknad kjem om lag 35 pst. av omsetninga til leverandørindustrien frå internasjonale marknader. Oppsvinget vi ser no, bidreg til auka sysselsetjing og levedyktige lokalsamfunn langs heile kysten.

Kunnskapen og kompetansen i denne kapitalintensive næringa blir overført til andre næringar gjennom læringsprosessar, kompetanseoverføring og innovasjon. Dette samspelet bidreg til inntektsgenerering og ein breiare, meir robust og kunnskapsrik næringsstruktur i heile landet.

Noregs forskingsråd har på oppdrag frå Olje- og energidepartementet utlyst eit forskingssenter for lågutsleppsteknologi for petroleumsverksemda. Målet er å bidra til å utvikle lågutslepps- eller nullutsleppsteknologi som gjer det mogleg med ei framtidig utbygging og drift med lågast mogleg utslepp av klimagassar.

2017 vart året med det høgaste kraftforbruket som har vore målt i Noreg, med 132,9 TWh. Samla kraftproduksjon vart 148,2 TWh, som er på nivå med den høgast målte kraftproduksjonen frå 2016. 98 pst. av produksjonen kom frå vass- og vindkraft. Nettoeksporten av kraft til utlandet var på 15,3 TWh. Norsk kraftforsyning har, saman med kraftforsyninga på Island, den høgaste fornybardelen og dei lågaste utsleppa i Europa.

Ein varm og tørr vår og sommar har gitt lågare fyltingsgrad enn normalt i norske vasskraftmagasin. Tilgangen på utvekslingskapasitet med andre lands kraftsystem vil bidra til å dempe konsekvensane av ein langvarig tørkeperiode.

I løpet av 2017 vart 1,6 TWh ny kraftproduksjon sett i drift. Per 1. juni 2018 var 9,2 TWh ny fornybar kraftproduksjon under utbygging, i all hovudsak vindkraft.

Regjeringa tek sikte på å opne eitt til to område for fornybar energiproduksjon til havs. Demonstrasjonsprosjekt for flytande vindkraft kan søkje støtte frå Enova. Strategien for flytande vindkraft som vart lagd fram hausten 2017, er retta mot at norsk industri og norske kompetansmiljø skal gripe dei industrielle moglegheitene knytte til utvikling av vindkraft til havs.

For 2018 er det løyvd 354 mill. kr til flaum- og skredførebygging over budsjettet til Noregs vassdrags- og energidirektorat. Løyvingane til dette arbeidet har auka dei siste åra.

I mars 2018 vart det vedteke at tredje energimarknadspakke skulle innlemmast i EØS-avtalen, med bakgrunn i tidlegare vedtak i EØS-komiteen.

Regjeringa har vidareført arbeidet med fullskala CO<sub>2</sub>-handtering. Stortinget har slutta seg til regjeringa sitt forslag om å setje i gang forprosjektering av CO<sub>2</sub>-fangst og -lagring. Olje- og energidepartementet har lyst

ut areal som er tilgjengelege for søknad om utnyttingsløyve for lagring av CO<sub>2</sub> på norsk kontinentalsokkel.

Tidleg innsats er avgjerande for å gi alle barn og unge ei opplæring som rustar dei for framtida. For å styrkje den tidlege innsatsen har regjeringa både innført tydelegare språkkrav for styrarar og pedagogiske leiarar i barnehagen og ei samarbeidsplikt i overgangen mellom barnehage, skule og SFO. Stortinget har slutta seg til at det skal innførast ei plikt for skulen til å samarbeide med relevante kommunale tenester om vurdering og oppfølging av barn og unge med helsemessige, personlege, sosiale eller emosjonelle vanskar. Vidare har Stortinget slutta seg til regjeringa sitt forslag om å innføre ei plikt for skulen til å gi tilbod om intensiv opplæring til elevar på 1.–4. trinn som strevar med lesing, skrivning eller rekning.

Alle faga i grunnskulen og dei gjennomgåande faga i vidaregåande opplæring skal fornyast. Læreplanane skal etter planen vere klare til bruk frå 2020. Regjeringa har fastsett kjerneelementa i faga – det viktigaste elevane skal lære i kvart fag. Dei andre faga skal etter planen også fornyast før 2021.

Regjeringa har vedteke at det skal utformast yrkesfagspesifikke delar av læreplanane i norsk og engelsk i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Dette kjem i tillegg til yrkesfagspesifikke delar i læreplanane i matematikk og naturfag.

Regjeringa har fastsett endringar i tilbodsstrukturen for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Dei skal sikre at dei ulike faga er meir i tråd med behova i næringslivet. Ein ny struktur for yrkesfag i vidaregåande opplæring blir innført hausten 2020.

Regjeringa har føreslått og fått tilslutning til forbod mot bruk av plagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet, i barnehage og i undervisningssituasjonar i grunnsopplæringa, folkehøgskular, fagskular, introduksjonsordninga og høgare utdanning.

Regjeringa har styrkt Kompetansepluss-ordninga med nær 70 mill. kr frå 2014 til 2018. Gjennom ordninga får arbeidstakarar opplæring i grunnleggjande ferdigheter på arbeidsplassen. Arbeidslivet blir ein stadig viktigare læringsarena, og i 2017 var det rekordhøg søking om tilskotsmidlane. Det vart delt ut 170 mill. kr gjennom ordninga.

I oppfølginga av den nasjonale strategien for lærarutdanning, Lærarutdanning 2025, er samarbeid mellom alle aktørane i skule- og lærarutdanningssektoren høgt prioritert. Representantar for alle aktørane som er delaktige i lærarutdanningane, har vore samla for å etablere eit nytt, nasjonalt forum for lærarutdanning og profesjonsutvikling.

Regjeringa har fremja og Stortinget vedteke ei ny lov om fagskular. Ei rekkje endringar i lova skal klargjere at

fagskuleutdanning er høgare yrkesfagleg utdanning. Frå og med 2018 er det innført ei ny tilskotsordning for driftstilskot til fagskuleutdanning.

Regjeringa fastsette med verknad frå 1. januar 2018 nye reglar for private høgskular og fagskular. Dei nye reglane skal leggje til rette for ein effektiv kontroll med offentlege tilskot og at studentane sine eigenbetalingar blir brukte i tråd med regelverket.

Dei siste åra har det vore mange samanslåingar i den statlege delen av universitets- og høgskulesektoren, og det er no 21 statlege institusjonar. Det er også starta opp ei konsolidering blant dei private høgskulane.

Høgskolen i Oslo og Akershus, HiOA, fekk i januar 2018 universitetsstatus med namnet OsloMet – storbyuniversitetet. I mai fekk Høgskolen i Sør-aust-Noreg tilsvarande status og vart samtidig til Universitetet i Sør-aust-Noreg. Noreg har med dette ti universitet.

Regjeringa har sett ned eit lovutval som skal gå gjennom og vurdere endringar i regelverket for universitet, høgskular og studentsamskipnader.

Regjeringa har trappa opp kapasiteten i høgare utdanning innanfor IKT og lagt til rette for at opptaket til IKT-utdanningane kan auke med 1 500 studentar som ei varig ordning.

I 2018 har regjeringa satsa vidare på studentbustader med tilsegn om tilskot til 2 200 nye studenthyblar.

Det er forventa at nytt bygg for medisin og helsefag ved Universitetet i Tromsø blir ferdig i 2018 og likeins rehabiliteringa av Universitetsmuseet i Bergen. Det er gitt startløyving til nytt bygg for livsvitskap ved Universitetet i Oslo. Samtidig blir det arbeid vidare med å ferdigstille fleire nybygg i universitets- og høgskulesektoren, m.a. for veterinærmiljøa på Ås. I 2018 er det gitt ei samla løyving på 50 mill. kr til planlegging av campus NTNU.

På bakgrunn av den overordna digitaliseringsstrategien for universitets- og høgskulesektoren for perioden 2017–2021 er lærestadene bedde om å utarbeide eigne forpliktande mål og tiltak for digitalisering av utdanning og forskning.

Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning, Unit, vart oppretta 1. januar 2018 og har det nasjonale ansvaret for å implementere og vidareutvikle digitaliseringsstrategien.

Tala frå mars 2018 viser at Noreg for første gong har motteke over 2 pst. av dei utlyste midlane i EUs ramme-program for forskning og innovasjon, Horisont 2020.

Regjeringa vedtok i desember 2017 ein nasjonal strategi for tilgjengeleggjering og deling av forskingsdata. Strategien slår fast at forskingsdata skal vere så opne som mogleg og så lukka som nødvendig.

Hausten 2017 fastsette regjeringa retningslinjer og tiltak for open tilgang til vitskaplege artiklar. Regjeringa

sitt mål er at alle norske vitenskaplege artiklar som er finansierte av offentlege midlar, skal vere ope tilgjengelege innan 2024.

Regjeringa la i mai 2018 fram ein ny strategi for forskning og høgare utdanning på Svalbard. Regjeringa har store forventningar til denne strategien og vil at forskinga skal levere viktige bidrag til internasjonal kunnskapsutvikling og til å løyse sentrale samfunnsoppgåver og globale utfordringar.

I 2017 busette 282 kommunar nærmare 11 100 flyktningar. Av desse var om lag 760 einslege mindreårige. For 2018 har Nasjonalt utval for busetjing av flyktningar lagt vekt på sysselsetjingsgrad, resultat frå introduksjonsprogrammet og kommunestorleik i oppmøingskriteria til kommunane. Det skal også takast omsyn til lokale forhold, som behov for arbeidskraft i regionen og busetjingshistorikk. Kvar enkelt kommune skal i tillegg oppmodast om å busetje minimum ti personar.

I 2017 deltok over 44 000 personar i opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og om lag 29 000 personar deltok i introduksjonsprogram. Deltakartalet er framleis høgt i 2018. Det er gjennomført evalueringar av introduksjonsordninga, og dei skal danne grunnlag for regjeringa sitt arbeid med eit integreringsløft.

Regjeringa har sørgt for at medlemmer av barnefamiljar og einslege mindreårige med avgrensa opphaldsløyve i påvente av dokumentert identitet blir busette og får rett til introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Regjeringa har sett i gang forprosjekt for ei omfattande rehabilitering av Nationaltheatret i Oslo.

Nasjonalbiblioteket har digitalisert den norske litteraturarven og fullført nettenesta bokhylla.no. Det betyr at 270 000 norske bøker som er skrivne før år 2000, no kan lesast gratis, og at rundt 20 000 bøker som ikkje lenger er opphavsrettsleg beskytta, er gjorde tilgjengelege.

Regjeringa greier ut ei samla bygningsmessig løysing for Det Samiske Nasjonalteatret Beaivváš og den samiske vidaregåande skulen i Kautokeino.

Ny forskrift om avlevering av allment tilgjengelege dokument tredde i kraft 1. juli.

Regjeringa har sett ned eit offentleg utval med oppgåve å gå gjennom arkivlova. Utgreiinga skal ligge føre i mars 2019.

Avviklinga av dei riksdekkjande FM-signala vart fullført i desember 2017, og riksdekkjande kringkastarar sender no på DAB.

Regjeringa legg stor vekt på å styrkje norsk kulturlivs internasjonale moglegheiter, noko som har bidrege til at spesielt norske forfattarar og artistar har lykkast i utlandet.

Mellombels indre grensekontroll på ferjehamner med trafikk mot Sverige, Danmark og Tyskland er vidareført fram til 11. november 2018. Behovet for ytterlegare vidareføring av indre grensekontroll blir vurdert i lys av tryggingssituasjonen.

Regjeringa sine forslag til ny våpenlov og ny grenselov er vedtekne av Stortinget. I ny våpenlov er det lagt inn nye tryggingstiltak, samtidig som den gode jakt- og skyttarkulturen i Noreg blir sikra. Stortinget har også vedteke regjeringa sitt forslag til endringar i politilova, slik at det no kan vere tidsavgrensa væpning ved sårbare objekt.

Noreg tek aktivt del i arbeidet med å finne felles-europeiske løysingar for handteringa av menneske på flukt og migrasjon.

Dei første av dei 16 nye redningshelikoptera blir leverte i perioden 2017–2018. Helikoptera skal gjennom eit innfasingsprogram i Forsvaret før første helikopter blir sett i drift i første halvår 2019. Planen er at alle dei nye redningshelikoptera skal vere i drift i løpet av første halvår 2021.

Statens barnehus er styrkt, og den totale løyvinga til barnehusa er på 240 mill. kr i 2018. Ei underavdeling av Statens barnehus Tromsø vart opna i Kirkenes i mars 2018. Ei tilsvarende underavdeling av Statens barnehus Bergen blir etablert i Førde i løpet av hausten 2018.

Regjeringa har etablert støttesenter for kriminalitetsutsette i alle dei tolv politidistrikta i landet. Kontora er lokaliserte hos politiet, etter modell frå Støttesenteret for fornærma i straffesaker i Trondheim. Sentera er etablerte i nært samarbeid med kommunane for å få ei tett kopling til kommunale tenester.

Drap som er utførte av noverande eller tidlegare partner, utgjør mellom 20 og 30 pst. av drapa i Noreg. Eit utval som skal gå gjennom partnardrappssaker, vart sett ned hausten 2018.

Etter forslag frå regjeringa er det i statsbudsjettet for 2018 løyvd 30 mill. kr til ein auka politiinnsats i Oslo sør. Innsatsen skal bidra til å førebyggje kriminalitet, med særleg vekt på unge i risikosona og å hindre rekruttering til kriminelle miljø.

Regjeringa har auka kapasiteten i kriminalomsorga. I 2017 og 2018 er kapasiteten for gjennomføring av straff med elektronisk kontroll utvida med om lag 150 plassar. 310 nye fengselsplassar i Agder er under bygging. Soningskøen er så godt som avvikla. Regjeringa følgjer opp behov for omstruktureringar i kriminalomsorga. Ressursane i kriminalomsorga må brukast mest mogleg effektivt, og det blir planlagt for nedlegging av plassar det ikkje lenger er behov for.

Regjeringa har satsa på å digitalisere og modernisere domstolane. Til saman er det løyvd om lag 235 mill. kr til IKT i domstolane sidan 2014. Regjeringa har òg sett

ned eit utval som skal sjå på korleis domstolane bør organiserast for å vere best mogleg rusta til å møte forventningar om effektivitet, kvalitet og uavhengigheit.

Etter forslag frå regjeringa har Stortinget vedteke ny personopplysningslov, som gjennomfører EUs nye regelverk på området. Lova gir m.a. auka rettar og krev at verksemdene må jobbe systematisk for å sikre personvernet.

Regjeringa har lagt fram forslag til ei ny arvelov som er tilpassa dagens familiemønster og samfunnsutviklinga elles.

I tråd med forslag frå regjeringa har Stortinget vedteke at alle kommunar frå 2018 skal ha knytt til seg lege, sjukepleiar, jordmor, helsesøster og fysioterapeut. Frå 2020 blir dette utvida til også å gjelde psykolog og ergoterapeut.

Frå 1. januar i år vart det tydeleggjort i helse- og omsorgstenestelova, spesialisthelsetenestelova og tannhelsetenestelova kva ansvar helse- og omsorgstenestene på systemnivå har når det gjeld å førebyggje, avdekkje og avverje vald og seksuelle overgrep.

Innbyggjarar kan no logge seg inn på den nasjonale helseportalen helsenorge.no og registrere seg som organ-donor i kjernejournal.

Det er utvikla løysingar for innsyn i nasjonale helse-register, som del av arbeidet med å sikre rettane og personvernet til dei registrerte. Innbyggjarane har m.a. fått innsyn i opplysningar om eigen fødsel i Medisinsk fødselsregister og egne opplysningar i Kommunalt pasient- og brukarregister.

Regjeringa vil gjennomføre ei rusreform der samfunnsreaksjonar for bruk og innehaving av illegale rusmiddel til eige forbruk blir flytte frå justissektoren til helsesektoren. Det er sett ned eit offentleg utval som skal greie ut ein modell for gjennomføring av reforma.

Frå 1. juli i år fekk helse- og omsorgstenesta ei plikt til å tilby pasientar, brukarar og pårørande eit møte etter svært alvorlege hendingar. Slike møte bidreg til større openheit og gir pasientar, brukarar og pårørande moglegheit til å få svar på spørsmål.

Arbeidet med å etablere Statens undersøkingskomisjon for helse- og omsorgstenesta er godt i gang.

Regjeringa vil leggje fram ein eigen opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse. Opptrappingsplanen skal innehalde både helsefremjande, sjukdomsførebyggjande og kurative initiativ. Barn og unge sjølv er dei viktigaste premissleverandørane for arbeidet. Regjeringa har gjennom fleire år satsa på helsestasjons- og skulehelsetenesta, inkludert jordmortenesta. Tenesta er betydeleg styrkt frå 2014 til 2018, og i 2018 er det til saman løyvd 1,16 mrd. kr gjennom kommuneramman og i øyremerkt tilskot. I perioden frå 2013 til 2017 auka talet på årsverk i tenesta med 975 årsverk.

Regjeringa si historiske satsing på familieverntenesta har gitt resultat. Fleire personar får hjelp i familievernet. Ventetida er redusert, og kapasiteten i arbeidet mot vald og høg konflikt er auka. Det er likevel viktig å sikre ei vidareutvikling av tenesta, slik at fleire familiar kan få den hjelpa dei treng. Regjeringa har derfor sett ned eit offentleg utval som skal gå gjennom organisering, oppgåveløysing, ressursbruk og kvalitet i familieverntenesta.

Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom er styrkt, frå om lag 100 mill. kr i 2014 til om lag 270 mill. kr i 2018. Ordninga bidreg til at barn frå sosialt og økonomisk vanskelegstilte familiar kan delta på ferie- og fritidsaktivitetar.

Regjeringa sitt forslag om å innføre ei absolutt 18-årsgrense for å inngå ekteskap i Noreg er vedteke av Stortinget og tok til å gjelde 1. juli 2018.

Regjeringa sitt forslag om å innføre heimel til å be om DNA-test før farskap blir erklært for barn fødde i utlandet, der det er tvil om identitet, er vedteke av Stortinget.

Med grunnlag i den nye gjeldsinformasjonslova gav regjeringa i juni 2018 to selskap løyve til å formidle gjeldsopplysningar til utlånarar. Dette er med på å motverke at det blir gitt lån til personar som ikkje har økonomi til det.

Ny pakkereiselov tredde i kraft 1. juli 2018. Med ny pakkereiselov vil krava til arrangøren auke, og fleire reisearrangement blir omfatta av regelverket. Dette sikrar fleire forbrukarar mot arrangørens konkurs.

Jordbruket er viktig for matproduksjon, busetjing, kulturlandskap og verdiskaping. Jordbruksavtalen styrker norsk matproduksjon og vil bidra til eit aktivt landbruk over heile landet. Avtalepartane har prioritert produksjon med marknadsmoglegheiter, kornproduksjon i gode kornområde, beiting og grasproduksjon i distrikta. I tillegg er det ei satsing på klima- og miljøtiltak og på velferdsordningar for jordbruket.

Noreg og EU kom i 2017 til semje om ein avtale om auka handel med landbruksvarer. Avtalen er no godkjend både i Noreg og i EU og blir sett i verk med verknad frå 1. oktober 2018. Avtalen inneber at det blir etablert både nye og utvida tollkvotar for varer frå EU.

Regjeringa har inngått ein reindriftsavtale med Norske Reindriftssamers Landsforbund. Avtalen legg grunnlag for ei positiv utvikling i reindrifta, både økonomisk og økologisk.

Regjeringa har også gitt reindriftsnæringa fritak for eingongsavgift og frådragsrett for meirverdiavgift for snøscooterar og ATV-ar til bruk i drifta.

I juni 2018 tok regjeringa imot utgreiinga frå statsallmenningsutvalet med forslag til ny fjellov. Utgreiinga er send på høyring.

Tal frå kommunane viser at omdisponeringa av dyrka mark til andre formål vart redusert med 36 pst. frå 2016 til 2017. Særleg har omdisponeringa til samferdselsformål gått ned.

Regjeringa vil vidareutvikle infrastruktur og transportløysingar baserte på ny og moderne teknologi. I juli sette regjeringa ned eit ekspertutval for å kartleggje og analysere implikasjonane av ny teknologi for framtidig transportinfrastruktur.

Fleire veganlegg er opna for trafikk. Opninga av E18 Bommestad–Sky markerer at det no er firefelts motorveg gjennom Vestfold.

Regjeringa vil halde fram arbeidet med betre kostnadsstyring av store samferdselsprosjekt. Dei fleste prosjekta treffer no relativt godt i gjennomføringsfasen, men mange prosjekt har betydeleg kostnadsauke i tidlege planfasar. Det er m.a. oppretta endringsloggar og styringsmål i store veg- og jernbaneprojekt, og dette vil bli følgt opp i den vidare planlegginga av prosjekta.

Arbeidet med trafikktryggleik er prioritert. I 2017 omkom 106 personar i vegtrafikken i Noreg. Dette er 29 færre enn i 2016. Målt etter folketal var talet på omkomne det lågaste i Europa. Dei førebelse ulykkestala for dei fem første månadene i år er på same nivå som i 2017. Talet på skadde har sidan 2011 lege på omtrent same nivå. For å nå målet i Nasjonal transportplan 2018–2029 om maksimalt 350 drepne og hardt skadde i 2030 må talet på hardt skadde gå ned.

Ny Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg 2018–2021 vart lansert i mars 2018. Dette er trafikktryggleiksaktørane sitt forslag til konkretisering og oppfølging av måla i Nasjonal transportplan 2018–2029 om drepne og hardt skadde. Planen involverer ei rekkje aktørar og omfattar 136 tiltak innanfor hovudinnsatsområda.

Elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester ber kritiske samfunnsfunksjonar og stadig større verdier. Samtidig endrar trusselbildet seg, m.a. som følge av auka cybertruuslar. For å bøte på identifiserte sårbarheiter og gi auka tryggleik og meir robuste tenester har regjeringa i 2018 sett i gang eit pilotprosjekt for alternativt kjernenett og tilskot til fiberkablur til utlandet.

Private aktørar investerer om lag 10 mrd. kr årleg i ekomnett og -tenester. Regjeringa legg til rette ved å forenkle regelverk. Endringar i leidningsforskrifta gjer det billigare å bygge nett som kan levere raske, gode tenester i heile landet. Det er inngått avtale om frigjering av frekvensar i 700 MHz-bandet hausten 2019. Dette legg til rette for tidleg lansering av 5G mobilt breiband.

Regjeringa la i april 2018 fram ein strategi for bruk av dronar i Noreg.

Ny anbudskontrakt om drift av regionale ruteflygingar på Værøy er inngått i 2018 med verknad frå 1. august 2019.

Regjeringa vil leggje til rette for større grad av konkurranse, m.a. innanfor drift av flyplassar. Avinor AS har i 2018 tildelt kontrakt for tenestekonsesjon for drift av Haugesund lufthavn til eit lokalt selskap som overtek drifta frå 2019.

Etter konkurranseutsetjing er det inngått kontrakt om levering av tenester på kystruta Bergen–Kirkenes for ti år. Det betyr at dagens tilbod på strekninga blir videreført når gjeldande avtale går ut ved utgangen av 2020.

Dei gjennomførte reformene på veg og jernbane blir følgde opp, m.a. bompengereforma. Viktige grep i jernbanereforma er meir effektiv utbygging av infrastruktur, betre organisering av sektoren og konkurranseutsetjing av persontogtrafikken. Konkurransen om Trafikkpakke 1 Sør vart lyst ut hausten 2017, mens den for Trafikkpakke 2 Nord vart lyst ut våren 2018.

Senter for oljevern og marint miljø skal bidra til å realisere regjeringa si satsing på eit reint havmiljø.

Våren 2018 forlengde Noreg skogpartnarskapet med Colombia og inngjekk saman med Tyskland avtale med Ecuador med løfte om betaling dersom landet oppnår verifiserte utsleppsreduksjonar frå regnskogen. Dei nye avtalane skal bidra til ein langsiktig og heilskapleg innsats for bevaring av Amazonas.

I 2018 vart det nye, isgåande forskingsfartøyet «Kronprins Haakon» overlevert frå verftet og sett i drift. Fartøyet har isbrytarklasse og blir eit av dei mest avanserte forskingsfartøya i verda for operasjonar i havområda i Arktis og Antarktis.

Regjeringa trappar opp kampen mot miljøkriminalitet og vedtok i juni 2018 ei ny forskrift om handel med trua artar, CITES-forskrifta.

Regjeringa styrkjer arbeidet med å ta vare på naturen. I april 2018 utvida regjeringa Dovrefjell–Sunndalsfjella nasjonalpark ved å verne det tidlegare skytefeltet på Hjerkin. I tillegg oppretta regjeringa eit nytt Hjerkin landskapsvernområde.

Regjeringa oppretta Lofotodden nasjonalpark i Nordland fylke i juni 2018.

På fem år har regjeringa løyvd 1 961 mill. kr til skogvern. Sidan 2017 har løyvingane til skogvern lege på godt over 400 mill. kr årleg.

Regjeringa legg vekt på å ta vare på den gode dyrehelsa i Noreg. Det er derfor gjort omfattande arbeid for å kartleggje førekomsten av skrantesjuka, CWD. Heile den smitta villreinstammen i Nordfjella er teken ut.

I juli i år la regjeringa fram ein handlingsplan for friluftsliv. Handlingsplanen tek sikte på å styrkje det samla friluftsarbeidet og friluftslivet si rolle i folkehelsearbeid.

det og inneheld ei rekkje tiltak og føringar som støttar opp om dette.

**Presidenten** mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumentene og uttalte:

Deres Majesteter, Deres Kongelige Høyhet, medrepresentanter!

I dag åpner vi det 163. storting. Folkets valgte representanter tar på nytt sete i denne sal. Stortingets høytidelige åpning er et vakkert og symbolmettet uttrykk for de lange linjene i vårt folkestyre. Den er legemliggjøringen av de rammene og tradisjonene som er bærebjelken i det norske demokratiet og dermed i samfunnet. Aller tydeligst er det ved at de tre statsmaktene er samlet her i dag. Vi ser også at våre fremste forvaltere av ytringsfriheten som alltid er på plass i presselosjen.

Stortingets åpning er en anledning til å stoppe opp og reflektere over det arbeidet vi står midt oppe i, det ansvaret alle vi her i salen er betrodd av det folket vi representerer, og de nye oppgavene som ligger foran oss i den kommende sesjonen.

Vi har lagt bak oss et år hvor stormene herjet både i og utenfor vårt eget hus. Demokratiets helsetilstand er et tema som diskuteres oftere enn på lenge, ikke bare her hos oss, men i store deler av verden. Sjelden har det vært knyttet så stor spenning til så mange valg i tradisjonelt solide demokratiske stater. Demokratiet settes på prøve både i og utenfor valglokalene. Spillereglene utfordres, og noen steder ser vi at folket begynner å miste troen på demokratiet. Det handler om mye. Blant annet handler det om tillit – tillit til systemet og institusjonene, tillit til de menneskene som befolker demokratiets organer, og tillit til oss som er samlet her i dag for å gå i gang med et nytt år med viktig arbeid.

Vi er så heldige at vi fortsatt er folkevalgte i et land der tilliten mellom borgerne og borgernes tillit til nasjonalforsamlingen er svært høy. Vi vet også at norske barn og unge er blant dem som har størst tillit til demokratiet og de demokratiske institusjonene. Det er gledelig, men det forplikter. Tilliten fra velgerne må vi fortsette å gjøre oss fortjent til. Det kan vi bare gjøre ved å skjytte tillitsvervet med engasjement, mot, respekt for hverandre og ydmykhet for oppgaven og tilliten.

I løpet av dette stortinget skal vi også markere 100-årsjubileet for at den alminnelige stemmeretten i landet vårt også skulle gjelde de fattige. Å arbeide for en reell mulighet for deltakelse for alle samfunnsgrupper er en viktig oppgave også i vår egen tid.

For ett år siden var det mange nye ansikter her i salen – mange som ikke visste hva som lå foran dem. I løpet av året som er gått, har de lært det som det er umulig å forstå fullt ut uten å erfare det selv: stortingshverdagens mange ansikter. Uavhengig av hvilket av de ni partiene på Stortinget vi representerer, er hverdagen her preget av hardt og seriøst arbeid for å nå de målene vi tror på, og for å gjøre den jobben vi har lovet de tusener av velgere som har stemt på oss.

I forrige storting behandlet vi 452 saker. Rekordmange av dem, så mange som 208, var representantforslag. Stortingsrepresentantene stilte i tillegg 2 270 spørsmål til regjeringen. Tallene vitner om høy aktivitet og er helt i tråd med det alle barn lærer om Stortingets virke. Vi bestemmer lovene i landet vårt, vi bestemmer hvor mye penger staten skal bruke, og hvordan pengene skal brukes, og vi kontrollerer regjeringen. Vi vet at vi går mot travle dager også når vi nå tar fatt på arbeidet.

Deres Majestet! Når vi 169 folkevalgte stortingsrepresentanter igjen møtes til ansvarsfull gjerning, er det i visshet om de store oppgavene som ligger foran oss, og det ansvaret vi har påtatt oss. Vi samler oss i det gamle ønsket: Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønsket, og alle de tilstedeværende sang deretter første vers av fedrelandssangen, «Ja, vi elsker».

Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

**Presidenten:** Presidenten vil foreslå at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for behandling i et senere møte. – Det anses vedtatt.



